

Vatnet piskar aa vinden susar
Elvi brummar sin grove bass
Uppe i fjellet fossan brusar
Fuglar kvidrar i sitt palass.
Den eine ljom den annan møter
Aa soleis dei kvarare *gløter*
Det blussar upp, aa nu er det som
At alt ikring er ein heilagdom.

Friske glade aa altid fegne
hyggja samla fraa kvar ei kraa
Ungdomskreftorna smandregne
Ungdomsbekkjen maa bli ei aa.
Gamle aa unge glade møtast
Nøra under so elskjen glødest.
Sin siger vinna aa vara ved
Aa gode hugmaal maa ervast ned.

Lat det fossa aa lat det susa
Ljomar høyrast fraa kvar ei kraa
Gamal fordom aa trægheit knusa
Nedervd daarskap sin daude faa.
Upp da alle aa vakt me halda
Hata det so ufred os valda
So væra ærleg aa standa tro
Vil fagre blommar ikring os gro.